



Til
Statens vegvesen
Vinje kommune
Odda kommune

29.06.2018

Sakshandsamar: Martine Hamnes og Jarle Lunde

Uttale til reguleringsplan E134, Vågslid – Seljestad

Villreinnemnda for Setesdalsområdet og Villreinnemnda for Hardangervidda har mottatt høyring av detaljregulering frå Vinje kommune med høyringsfrist 1.juni. Frå Odda kommune blei reguleringsplan sendt på offentleg ettersyn 14.juni med uttalefrist 20. august

For villreininteressene er det vesentleg å sjå på heile vegstrekninga og samla belastning for villreinen. Me har difor bede om, og fått, utsett frist frå Vinje kommune. Villreinnemnda for Setesdalsområdet og Villreinnemnda for Hardangervidda har utarbeida ein felles uttale.

Saka

Plan- og miljøutvalet i Vinje kommune vedtok i møte 11.04.18, sak 18/60, å leggje framlegg til detaljregulering for E134 Vågslid – fylkesgrensa ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 12 – 10.

Utviklingskomiteen i Odda kommune vedtok 02.05.18 å leggje reguleringsplanane for ny E134 mellom Fylkesgrensa og Seljestad ut på offentleg ettersyn i 10 veker.

Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for utbygging av ny stamveg E134 Vågslid – Seljestad med betre vegstandard og vinterregularitet, samt å ivareta den historiske vegen som eit samferdselsminne. Tiltakshavar er Statens vegvesen og planmyndigheit er Vinje kommune og Odda kommune

Sekretariat:

Villreinnemnda for Setesdalsområdet
v/ Jarle Lunde, Suldal kommune
Sandsvegen 122, 4230 SAND
jarle.lunde@suldal.kommune.no
Tlf. 52792435 / 40418967

Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet
v/Martine Hamnes, Nore og Uvdal kommune
Sentrum 16, 3630 Rødberg.
martine.hamnes@noreuvdal.no
Tlf: 92036184

Bakgrunn

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

Internasjonalt ansvar

Villrein er ein ansvarsart for Norge. Gjennom Bern-konvensjonen har me teke på oss ei plikt til å ta vare på villreinen. I Norge forvaltar me dei siste livskraftige bestandene av den opphavelige ville fjellreinen i Europa. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ein fragmentering av villreinen sine leveområde. Det er no auka fokus på arealforvaltning som ein viktig strategi for å ta vare på villreinen som art på lang sikt. I St.meld. nr.26 (2006 – 2007) blir det slått fast at sikring av villreinens leveområder er eit nasjonalt mål.

Planområdet ligg i nasjonalt villreinområde. I denne omsynsona skal villreinen sine interesser tilleggas stor vekt i all arealforvaltning og saksbehandling.

I regional plan for Hardangervidda og i Heiplanen (Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei) er det angitt trekkområde over E134. Det er eit ønskje å auke utvekslinga mellom dei tre populasjonane. Formålet er sikring av beitetilgang, men og genetisk utveksling.

Når det gjeld Hensynssone trekkområder står det å lesa i Heiplanen:

Ved evt. planer om utviding, opprusting, omlegging eller endring av åpningstider mm av eksisterende veganlegg, skal det legges vekt på å bedre situasjonen for villreinens trekk gjennom tunnelløsninger, andre tekniske løsninger, merking, informasjon, brøyterutiner og andre tiltak. Tiltak som kan forverre villreinens trekk tillates ikke.

Status for trekk og utveksling

Forskning med hjelp av GPS-data frå heile Norge har vist tydelege resultat som viser at villrein unngår veg og vegen sitt nærområde. Dette gjeld mellom anna E134 over Haukelifjell.

Sjølvsjeldne sporadiske utvekslingar av dyr kan i eit lengre tidsperspektiv vere svært viktig. Korridorane er svært viktige dersom utveksling skal kunne finne sted i framtida.

Det er lite kunnskap om korleis trekkmønsteret var her i tidlige tider, men det finst dokumentasjon på to dyregraver og ledegjerde ved Ståvatn om lag ein km vest for Haukeliset. Dette er neddemt og ligg i same området som Heiplanen har angitt som ein trekkorridor.

NINA rapport «Veger og villrein» (Strand m.fl. 2015. Rapp. 1121) beskriv i hovudsak overvakinga ved RV7 over Hardangervidda, men og generelle forhold omkring problemstillinga med døme frå andre stadar i landet.

- GPS-data fra radiomerka reinsdyr vise at både veger og større turisthytter og hoteller reduserer sannsynligheten for at reinsdyr bruker de gamle trekkrutene. I følge disse beregningene vil en turisthytte innenfor en radius på en kilometer fra en gammel trekkorridor medføre at denne går helt ut av bruk. Mens en veg innenfor samme avstand medfører en reduksjon i sannsynligheten for at reinsdyra bruker denne trekkorridoren med 46 %.
- I modeller som omfatter alle villreinområder hvor det har vært samlet inn GPS-data var offentlig veg den mest dominerende antropogene faktoren i samtlige modeller (Panzacchi–Van Moorter 2015). Den negative effekten av offentlig veg var signifikant innenfor en radius på 10 kilometer under kalvinga og om sommeren og 15 kilometer om vinteren.

I Vågsli har det vore ei storstilt utbygging av hyttefelt og alpinanlegg som medfører stor aktivitet. Med det regulerte Kjelavatnet i tillegg framstår området i dag som «*sterkt verdiforringa trekkområde for villrein. Mulighetene for eventuelt å lette reinens trekkmuligheter mellom Hardangervidda og Setesdalsheiene synes i dag å være størst lenger vest og i områdene rundt og vest for Haukeliseter*» (NINA Rapp. 1121, 2015).

I Haukeliseterområdet er det fleire trekkvegar, og som nemnt over er det og registrert dyregraver som indikerer eit gammalt trekkmonster. Alt i dag er det imidlertid vanskeleg for villreinen å krysse området. Dette fordi det er samla mykje ferdsel i særst rundt Haukeliseter fjellstue. Dette er blant anna i samband med tur- og skiløyper, kiting og toppturskiløping. Kombinasjonen av den heilårsopne vegen og ferdsla medfører altså til ein sterk barriere for villreinen. Ein ser likevel at det til ein viss grad skjer framstøyt opp mot vegen og enkelte bukkeflokkar kryssar ei og anna gong.

Over Haukelitunnelen og vest for denne er det området der det er minst aktivitet knyt til menneskeleg ferdsel. Jfr GPS kartet er det dokumentert at tunneltaket har vore nytta som trekkveg. Strand m.fl. (NINA Rapp. 1121, 2015) meiner likevel at «Landskapsmessig og topografisk sett er dette framfor alt eit område som er aktuelt som utviklingsområde for bukk sommerstid».

Vinterstid kan det observerast mindre flokkar. Pga av store snømengder, topografi og lite beite er det her eit fåtal dyr. Totalt sett er difor dette eit langt mindre viktig område for trekk for villreinen enn nokre kilometer lenger aust.

Vurdering av nye planlagde trasèar og tunnelar

Statens vegvesen sine reguleringsplanar (og video¹) synleggjør planane på ein god måte. Generelt snakkar me om eit veganlegg som er fysisk langt større enn i dag og med eit langt

¹ https://www.youtube.com/watch?time_continue=319&v=CN6MyOf178Q

større trafikktalet. Kunnskapen me i dag har om villrein og barrierar tilseier at kryssing over vegbane der den går i dagen vil bli meir eller mindre umogleg i framtida.

Der Haukelisetertunnelen vil ligge går eit gammalt trekkområde som og er kartfesta i den regionale Heiplanen. Tunnelen er på ca. 3 km, altså med minste avstand til portal / veg på ca. 1,5 km. Ut i frå den auka trafikken, saman med ferdsla ut i frå veg og Haukelister Turisthytte, tilseier dagens fagkunnskap om villreinen at tunnelen blir for liten for at reinen vil nytte tunneltaket som trekkområde. Me foreslår difor å auke lengda på tunnelen monaleg.

Dersom Haukelisetertunnelen blir bygd er det viktig med avbøtande tiltak for å auke moglegheitene for trekk. Dette vil kunne vere å vinterstengje gamlevegen og fjerne lysstolpar og autovern i tilknytning til denne. Eit anna tiltak vil vere å ikkje leggje til rette for vinterparkering mellom Haukelisetertunnelen og Dyrskartunnelen for å minimalisere ferdsel vest for Haukeliseter.

Dyrskartunnelen vil vinterstid gi større moglegheit for villreinen å beite i det vestlege område, samt å vandre mellom Setesdal Ryfylke og Hardangervidda. Dette krev at noverande veg ikkje blir brøyta og at vegstasjonen på Midtlæger ikkje blir nytta/lagt ned. Som nemnt ovanfor er det pga av beite- og snøforhold lite dyr i dette området. Frå naturen si side er områda rundt Ståvatn/Ulevå betre eigna for villrein. Her på austsida av vasskille er det mindre snø og betre beiteforhold.

Konklusjon

Norge har eit særlig ansvar for bevaring av den ville europeiske villreinen. Ei aukande fragmentering av villreinen sine leveområde har blant anna medført etablering av barrierar som hindrar villreinen sine naturlege vandringar mellom viktige funksjonsområder. E134 og aktivitet nær vegen utgjer i dag ein betydeleg barriere for villreinen sitt trekk mellom Setesdal-Ryfylke og Hardangervidda.

Bygging av ny E134 gir ein moglegheit for defragmentering, den gir opning for å gi *betre* moglegheit for beite og trekk mellom dei to største villreinområda i landet. Slik villreinnemndene ser det tek planane ikkje denne historiske moglegheita for å betra forholda til villreinen. Rett nok vil forholda betrast vest for Haukelitunnelen, men den bli forverra i dei noverande mest eigna områda for villreinen rundt og vest for Haukeliseter.

Villreinnemnda i Setesdalsområdet og Villreinnemnda for Hardangervidda vil ikkje tilrå at ein byggjer E134 etter framlagt reguleringsplan. For å ta større omsyn til villreinen må ein leggje betre til rette for trekk ved å legge ein større del av vegstrekninga i tunnel. Slik villreinnemnda ser det vil det beste vere ein lang tunnel mellom Valldalen til Vågsli, sekundært å slå saman Dyrskartunnelen og Haukelisetertunnelen.

Uansett kva løysinga blir vil me rå til at ein nyttar villreinfagleg kompetanse for å finne dei riktige avbøtande tiltaka som kan minimere dei negative konsekvensane for villreinen.

Med vennleg helsing

Margit Smeland
Leiar
Villreinnemnda for Setesdalområdet

Endre Læg Reid
Leiar
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet

Kopi

Miljødirektoratet
Fylkesmannen i Buskerud
Fylkesmannen i Agder
Fylkesmannen i Telemark
Fylkesmannen i Hordaland
Telemark fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune
Setesdal Ryfylke villreinlag
Setesdal Austhei villreinlag
Villreinutvalget for Hardangervidda
FNF Telemark
FNF Hordaland